
Fra: Christian Hagerup Reinshol
Sendt: fredag 2. desember 2016 14.49
Til: Elin Styve
Emne: Helleåsen - tilbakemelding på førebels klage
Vedlegg: 2015345_plantegning_24_05_2016.pdf

Hei Elin,

Beklager seint svar på din førespurnad då eg trudde du hadde fått tilbakemelding og sidan har dette vore liggande her.

Når det gjeld førespurnaden din, skal eg sjå om eg kan oppklare litt her.

I høve plankartet, så er dette det godkjente plankartet. Det har tidlegare vore ei teknisk oppgradering av plankartet, der det har vist seg at kraftlina som var teikna inn i kartet hadde ein annan trasé enn det som var vist på kartet opphavleg. På bakgrunn av dette var det behov for å endre tomtegrensene og avkøyrslane noko. Dette vart handsama som ei administrativ endring då det ikkje ville ha noko spesiell innverknad på andre tilhøve innanfor planområdet. Diverre vart det aldri registrert noko anna digitalt enn ein enkel epost om dette her hjå oss, og dette er beklageleg. Så kartet skal vere riktig, og eg legg ved ein kopi av kartet som vart vedteke i plan- og miljøutvalet.

Når det gjeld utkøyrsla di frå 202/130, så ligg denne uendra i plankartet, slik at det ikkje vert lagt opp til noko endring av denne. Det ligg inne moglegheit for å etablere snuplass, men avkøyrslapila som er vist i plankartet er bindande for kvar du skal ha utkøyrsla frå din eigedom. Så her vert det ingen endring som følgje av planendringa.

Eg håper dette var oppklarande og at du no har fått den informasjonen du treng. Eg må i tillegg be om ei stadfesting frå deg på om du ynskjer å oppretthalde klagen din, eller om du no har fått informasjonen du treng til å kunne trekke denne.

Skulle du ha fleire spørsmål, send meg ein epost og legg gjerne att telefonnummer, så skal eg komme tilbake til deg då eg har veldig mange møter den kommande veka.

Venleg helsing

Christian Hagerup Reinshol
Arealplanleggar / Klimarådgjevar
Planavdelinga
Lindås kommune

Tlf: 56 37 56 62

Epost: Christian.reinshol@lindas.kommune.no